



Arkivnr: 2014/65-1
Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.01.2014

Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar innan skulesektoren

Samandrag

Fylkesrådmannen tilrår i saka at prosjektrekneskap for innreiing/ombygging til nytt kjøkken på Norheimsund vgs på kr 638 552 og miljøkrav II på Hjeltnes vgs med prosjektrekneskap på kr 2 014 719 vert godkjent.

Rekneskapen for prosjektet på Norheimsund vgs viser eit mindreforbruk i forhold til kostnadsramme på kr. 361 448. Kostnadsramma for prosjektet på Hjeltnes vgs var opphavleg 1,6 mill. kr (FUV 150/07), men vart auka med 1 mill. kr (FUV 288/09), så justert kostnadsramme for prosjektet er 2,6 mill. kr. Prosjektet har eit mindreforbruk på kr 585 281 i forhold til justert kostnadsramme. I saka som vart lagt fram for kontrollutvalet 18.12.2013 har ein samanlikna forbruk i høve til opphavleg kostnadsramme/budsjett på 1,6 mill. kr og kjem då ut med eit negativt avvik på kr. 414 719. I notat frå Eigedomsseksjonen vert det vist til naturlege og gode forklaringar på avvik i forhold til opphavleg kostnadsramme.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskapane i denne saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Vedlegg: Kontrollutvalssak 41/13 med oversyn over prosjektrekneskapane

Fylkesrådmannen, 02.01.2014

I breva dagsett 12.11.2013 til fylkesutvalet, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapa gjev eit rettvise bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Prosjekta gjeld:

- innreiing/ombygging til nytt kjøkken på Norheimsund vgs med prosjektrekneskap på kr 638 552 og kostnadsramme på 1 mill. kr.
- oppretting av feil og manglar elektriske anlegg og utstyr på Hjeltnes vgs med prosjektrekneskap på kr 2 014 719 og justert kostnadsramme på 2,6 mill. kr.

Kostnadsramma for prosjektet på Hjeltnes vgs var opphavleg 1,6 mill. kr (FUV 150/07), men vart auka med 1 mill. kr (FUV 288/09), så justert kostnadsramme for prosjektet er 2,6 mill. kr. Tek ein utgangspunkt i justert kostnadsramme har prosjektet har eit mindreforbruk på kr 585 281. I notat frå Eigedomsseksjonen vert det vist til naturlege og gode forklaringar på avvik i forhold til opphavleg kostnadsramme.

Kontrollutvalet handsama saka i møte 18.12 13 og vedtok følgjande uttale samrøystes:

«

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapa gjev eit rettvise bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapane

«

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapane vert godkjent.